

# Vekeplan - 3. trinn

~ veke 19 ~



## Informasjon til heimen:

**Timeplan:** for kvar klasse ligg i showbie. Her er tidspunkta elevane sluttar kvar dag:

- Måndag - 13:55
- Tysdag - 12:45
- Onsdag - 12:45
- Torsdag - 12:45
- Fredag - 12:45

**Leksebingo** dei neste 3 vekene. Sjå meir info under. Hugs å fortsatt ha fullada ipad sjølv om det ikkje står som eiga lekse.

**Fra 8. mai** blir det uteskule/friluftsliv **kvar onsdag** fram mot somaren. Kroppsøving på torsdagar vil derfor utgå som følge av friluftsliv kvar onsdag. Fram mot sommaren treng difor elevane ikkje å ta med gymklær. Elevane kan ha med seg vanleg niste eller pølse på termos, nudler, varm/kald drikke og frukt.

**Minner om at det er lurt å gå inn på skulen si heimeside og abonnera på nyheiter. Då får de også vekeplanen tilsendt på mail.**

**Minner om å merke alle klede med namn!!**

Elevane har fri torsdag (Kristi Himmelfartsdag) og fredag denne veka.

Helsing

Marit, Hanne, Marie, Gurly og Torunn.





## Leksebingo v. 18/19/20/21



Desse to vekene har me ein litt annleis lekseplan. Det er ikkje bestemt kor mange ting du må gjera kvar dag, men i løpet av dei fire neste vekene skal du ha gjort alle. Sett kryss når du er ferdig med oppgåva og få signatur av ein vaksen.

Lukke til - og du, kos deg! ☺

<p>Gå- eller sykla ein tur i minst 30 min.</p> <p>Signatur vaksen:</p>	<p>Gå minst 50 trappetrinn.</p> <p>Signatur vaksen:</p>	<p>Hjelp til med å laga middag heime. Ta bilete og legg inn i Showbie.</p> <p>Signatur vaksen:</p>	<p>Spring 3 rundar rundt huset, ta 15 froskehopp og hopp så høgt du kan 5 gonger.</p> <p>Signatur vaksen:</p>
<p>Sett deg ein koseleg plass, inne eller ute og les minst 15 minutt i ei bok du liker. Skriv minst 3 setningar i Book Creator om det du har lese.</p> <p>Signatur vaksen:</p>	<p>Vel den gongetabellen du synes er vanskelegast. Øv minst 10 minutt sjølv på den måten du lærer best. La ein vaksen høyra deg etterpå.</p> <p>Signatur vaksen:</p>	<p>Ring på døra til nokon du kjenner og spør om dei vil vera med å leika feks. «Boksen av» eller «1,2,3 raudt lys»</p> <p>Signatur vaksen:</p>	<p>Sett på 5 minutt på telefonen/ipad. Skriv så mange ord du klarer før tida går ut. Ta bilete og legg inn i Showbie.</p> <p>Signatur vaksen:</p>
<p>Ha ein dag utan mobil, nettbrett, data eller nokon form for spillkonsoll.</p> <p>Signatur vaksen:</p>	<p>Skriv ei liste over ting som gjer deg glad. Gjer minst ein av tinga.</p> <p>Signatur vaksen:</p>	<p>Gjer husarbeid som ein vaksen heime treng hjelp til. Ta bilete av det du gjer og legg inn i Showbie.</p> <p>Signatur vaksen:</p>	<p>Snakk så mykje engelsk som de kan under eit måltid i lag med familien.</p> <p>Signatur vaksen:</p>
<p>Lag ei «hytte» inne eller ute. Les minst 15 minutt i hytta.</p> <p>Signatur vaksen:</p>	<p>Lag det beste papirflyet du klarer. Test det ut!</p> <p>Signatur vaksen:</p>	<p>Familiekonkurrans: kven klarer å sitta lengst i 90-graderen?</p> <p>Signatur vaksen:</p>	<p>Plukk søppel ute i minst 30 min. Ta gjerne med deg ein venn eller ein vaksen.</p> <p>Signatur vaksen:</p>

Mål for veka:	
<b>Norsk:</b>	Eg repeterer det me har lært i år. Substantiv, adjektiv, verb.
<b>Matematikk:</b>	Eg kan måle i meter, centimeter 7 og millimeter

Tid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
8.15 - 9.45	Samling 3-rullering	Samling Norsk	Samling Friluftsliv	Samling Norsk 3abc	Samling Matte Musikk
9.45 - 10.00	Friminutt				
10.00 - 10.45	K&H/ KRLE/Engelsk	Matematikk 3a/b/c	Friluftsliv	Matematikk 3a/3c/3b	Matte 3a/b/c
10.45 - 11.15	Mat				
11.15 - 11.45	Friminutt				
11.45 - 12.45	Naturfag	Engelsk 3a/b/c	Friluftsliv	Samfunnsfag 3a/b/c	Engelsk 3a/b/c
12.45 - 12.55	Friminutt	Slutt 12.45	Slutt 12.45	Slutt12.45	Slutt 12.45
12.55 - 13.55	Musikk				
	Slutt 13.55				

